

Denne sommaren har vestlandsbonden verkeleg fått kjenne korleis vêr og klima spelar inn på produksjonen på gardane. Vått vêr gjer det tilnærma umogleg å slå på rett tidspunkt, og bakkane lir under traktordekka. Denne sesongen er det lite å gjere noko med, men er du og drifta di rusta for framtida?

Landbruksråd Vest, saman med Berekraftsfondet og Vestland Bondelag inviterer til

Hotellsamling med økonomi- og klimafokus

23.-24. september

På Scandic Sunnfjord hotell & spa, Førde

Vi inviterer deg og partnaren din til hotellsamling med økonomi- og klimafokus. På flotte Scandic Sunnfjord skal vi både kose oss og lade batteria, samstundes som vi går gjennom klimakalkulatoren og lagar ein klimahandlingsplan som gjer deg konkrete råd om kva som kan gjerast på din gard.

Hotellet har basseng og treningsrom. I tillegg er det eigen spa-avdeling der ein kan tinge forskjellige behandlingar og nyte eit eget relax-område.

Fredag 23. september	
Kl. 11.00 - 11.30	Oppmøte og registrering
Kl. 11.30 -12.30	Lunsj
Kl. 12.30 - 13.00	Opning ved Spydspissbonde Geir Støfring: Mine erfaringar frå eigen gard.
Kl. 13.00 - 13.30	Dataregistrering på garden, ved Agrilogg
Kl. 13.30 - 13.50	Introduksjon til fagleg program ved rådgjevarar frå NLR Vest og TINE Presentasjon av deltakarane i grupper
Kl. 13.50 - 14.00	Pause
Kl. 14.00 - 15.30	Introduksjon til Klimakalkulatoren. Psykisk helse: Lever ein med klimaskam i landbruket? ved HMS-rådgjevar Kolbjørn Taklo frå NLR Vest.
Kl. 15.30 - 15.45	Pause
Kl. 15.45 - 17.15	Klimatiltak på garden. Økonomiske utrekingar. Er klimatiltak god økonomi? Introduksjon til Klimahandlingsplan og RMP-tilskot
Kl. 17.15 - 17.30	Oppsummering
Kl. 17.30-19.30	Eigentid/bad/spa/+++
Kl. 19.30	Middag

Laurdag 24. september	
Kl. 7.30 - 8.30	Frukost
Kl. 8.30 - 10.00	Fortsetting Klimatiltak Foredrag: analyse/case av tiltak hjå ein bonde. Gruppearbeid
Kl. 10.00 -10.30	Pause og utsjekk
Kl. 10.30- 12.00	Utarbeiding av Klimahandlingsplan
Kl. 12.00 - 12.15	Pause
Kl. 12.15 - 13.00	Oppsummering og avslutning
Kl. 13.00 - 14.00	Lunsj

Praktiske opplysningar:

I løpet av samlinga vil deltakarane logge seg på klimakalkulatoren, få klimarådgeving og ein godkjent klimahandlingsplan for sin gard. Godkjente klimarådgjevarar frå NLR og TINE er med på heile samlinga.

Rådgevinga er i grupper og enkeltvis.

Ta med PC eller nettbrett, og Bank-ID for innlogging.

Målgruppa er bønder innan alle produksjonar, gjerne med partner.

Pris:

Samlinga er sponsa av Landbruksråd Vest og Gjensidige og Bondelagets Berekraftfond. Vestland Bondelag sponsar sine medlemmer med 500 kr. Prisen for hotellopphaldet vert difor låg. Deltakarane må betale for klimarådgeving og handlingsplan, men får pengane tilbake gjennom ein søknad til Regionalt miljøprogram (RMP). De vil få god informasjon om dette på samlinga.

500 kr for medlemmer i Vestland Bondelag

1000 kr for ikkje-medlemmer

I tillegg kjem 2000 kr per gardsbruk for klimarådgeving og handlingsplan som vert fakturert i etterkant. Ein får desse pengane tilbake gjennom ein søknad til Regionalt Miljøprogram (RMP).

Bindande påmelding innan 8. september

[Lenke til påmelding](#)

